



Saksframlegg

Søknad om stønad til etablering av lydighetshall for redningshund.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		

Endeleg vedtaksrett i saka har OKO utvalet.

Dokument i saka:

Søknad frå Sjavberga.

Bakgrunn for saka:

Foreninga Sjavberga søker Fyresdal kommune om stønad på kr 15.000 til etablering ein enkel heilårig treningshall for redningshund i Vest-Telemark. Tiltaket er tenkt som ein del av eit regionalt spleiselag kor kommunane i området inviterast til å bidra.

Formålet er å sikre stabile treningsforhold gjennom året. Redningshundarbeid krev kontinuerleg og systematisk trening over fleire år for å utvikle trygge og operative ekvipasjar.

Det presiserast at det ikkje er ein idrettshall men ein enkel treningshall som gir ly for hund og førar i dårleg ver.

Norske redningshundar i Vest-Telemark dekke blant annet Fyresdal kommune ved reelle leiteaksjonar.

Foreningen Sjavberga arbeider for å styrke sjølvberging, praktisk kunnskap og lokal beredskap i distrikta for å bygge robuste lokalsamfunn.

Dei meiner nyleg langvarig krevjande leiteaksjon i Tokke viste behovet for kontinuerleg trening og samhandling for å oppretthalde beredskapen.

Dei ynskjer å etablere hallen i Vråliosen, og søker kringliggjande kommunar og stiftingar om økonomisk stønad, totalt finansieringsbehov er kr 290.000,-.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi for samfunnsutvikling, kultur og frivillige i kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035;

- *Stimulere til frivillig arbeid*
- *Beredskap som gjennomgåande tema i Samfunnsplanen*

Foreninga Sjavberga ynskjer ei etablering av treningshall for redningshund med lokalisering i Vråliosen, som dei meiner er sentral plassering i Vest-Telemark.

Redningshundar er ein viktig del av den frivillige redningstenesta, og Norske Redningshundar i Vest-Telemark dekker også Fyresdal ved reelle leiteaksjonar. Betre treningsfasilitetar kan bidra til raskare, tryggare og meir effektive søk når alvorlege hendingar oppstår.

I Fyresdal er skal det no etablerast ein ridehall i Grunnvik, som med fordel kunne vore nytta til dette tiltaket. Søkjar ynskjer ikkje lokalisering i Fyresdal, også med begrunning i at det ikkje er redningshundar i Fyresdal pr. i dag.

Konklusjon:

Fyresdal kommune har begrensa midlar til slike tiltak, og eventuelt tilskot må gå av OKO utvalet sin disponible pott. Fyresdal kommune stør i utgangspunktet tiltak som går direkte til innbyggjarar eller tiltak i lokalisert i kommunen. Når vi i tillegg vil ha kunne ha godt eigna lokale i Fyresdal på sikt, er det ikkje aktuelt å stø nye tiltak utafor kommunen.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune avslår søknad frå Sjavberga om økonomisk stønad til treningshall til redningshund.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Hilde Martini Momrak avdelingsleiar kultur